



- eit fyrtårn i vest

Barnetråkk i Øygarden kommune 2024



Rapporten summerar opp resultat frå barnetråkk etter senterstrukturen for Øygarden kommune

[OYGARDEN.KOMMUNE.NO](https://oygarden.kommune.no)


Innhold

1. Innleiing	3
2. Kven har gjennomført barnetråkk	3
3. Korleis har vi nytta kunnskapen frå barnetråkk?	5
4. Resultat barnetråkk i region- og kommunesenteret Straume	6
Straume	7
5. Resultat barnetråkk i kommunedelsentera	8
Rong	9
Ågotnes	10
Skogskiftet	11
6. Resultat barnetråkk i lokalsentera	12
Toftøy	13
Knarrevika	14
Fjell	15
Ulveset	16
Spildepollen	17
Stranda	18
7. Resultat barnetråkk i bygder	19
Kolltveit	20
Knappskog	21
Skålevik	22
Bjørøy	22
Vedlegg	23

1. Innleiing

Våren 2024 starta Øygarden kommune opp fleire planprosessar og prosjekt (jf. [Øygarden kommune sin planstrategi for 2024-2027](#)) som hadde behov for informasjon og/eller set krav om medverknad frå barn og unge; så som ny barnehage- og skulebruksplan, trafikktryggleiksplan, strategisk planprogram for Straume, ny ungdomsskule på Bildøy og arealdelen til kommuneplan for Øygarden.

Som del av medverknadsbehovet vart alle offentlege og private skular (5. og 8. trinn) og barnehagar i Øygarden invitert til å gjennomføra [Barnetråkk](#). Barnetråkk er eit digitalt undervisnings- og medverknadsverktøy som gir barn og unge ei demokratisk stemme inn i kommunane si planlegging. Til dømes gir verktøyet viktig informasjon i kart, om korleis dei opplever trafikksituasjonen til og frå skulen, og korleis dei brukar nærmiljøet, naturen og sjøen til ulike former for aktivitet og leik.



[Symbola som vert nytta](#) og plassert i kart når dei registrera Barnetråkk (figur 1), er delt inn i tre kategoriar; aktivitetar (blå symbol), stadar som barn og unge likar (grøne symbol) og stadar dei misliker (raude symbol). Dei kan også legge inn ein beskrivande kommentar eller utdjupa i tekst kva dei t.d. ønskjer å endra.

2. Kven har gjennomført barnetråkk?

Våren 2024 gjennomførte 21 skuleklassar, hovudsakeleg frå 5.- og 8.-trinn og 11 barnehagar i Øygarden barnetråkk. Skuleelevane gjennomførte digitale kartregistreringar, medan barnehagane gjorde registreringar i fysiske kart som i etterhand blei digitalisert (sjå døme i figur 2).

Ytterlegare 13 skuleklassar og 1 barnehage gjennomførte kartleggingsprosjektet hausten 2024 (sjå vedlegg 1 og 2 for nærare informasjon om invitasjon og kva vi ønska registrert i barnetråkk).

Med unntak av to barneskular (Hjelteryggen og Tjeldstø) og ein ungdomsskule (Fjell) har alle dei offentlege skulane i Øygarden gjennomført medverknadsprosjektet. På grunn av manglande kompatibilitet mellom kartløysinga til Barnetråkk og tilgjengeleg IKT-utstyr, har Danielsen barne- og ungdomsskule (privat) ikkje kunna gjennomført i kartlegginga.

Figur 1: Symbol som vert nytta i barnetråkkregistreringar.



Figur 2: Døme på korleis barnehagane har registrert i fysisk kart. Dei har nytta same symbol som i den digitale kartløyisinga.

Tabell 1 gir ei oversikt over kva for skular og barnehagar som har gjennomført barnetråkkregistreringar i kommunesenteret Straume og i dei tre kommunedelsentera i Øygarden (sjå [samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034, kapittel 9](#), for nærare informasjon om vedteken senterstruktur i Øygarden). I desse fire sentera har totalt 301 skuleelevar og 7 barnehagar gjennomført barnetråkk.

Tabell 1: Skular og barnehagar som har delteke i barnetråkk på Straume, Rong, Ågotnes og Skogsskiftet.

Straume			Rong			Ågotnes			Skogsskiftet		
Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar	Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar	Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar	Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar
Leirstaden, Straume b.hage Læringsverkstedet, Knerten	B.hage		Knappen, Spurven	B.hage		Hamramyra	B.hage				
Brattholmen	5., 6., 7.	87	Rong	5.	35	Ågotnes	5.	34	Skogsvåg	6.	28
Foldnes	5.	21	Øygarden	8.	1	Landro	5.	25			
						Tranevågen	8., 9. og 10.	70			
Tal elevar		108			36			129			28

Tabell 2 gir ei oversikt over kva for skular og barnehagar som har gjennomført barnetråkk i lokalsentera og bygder i Øygarden. Totalt har 145 skuleelevar og 6 barnehagar gitt innspel som gjeld lokalsentera våre. Per no manglar vi barnetråkkregistreringar på Tjeldstø.

Det er også fire barneskular lokalisert i ulike bygder, med 101 elevar på 5. trinn, som har gjennomført medverknadsarbeidet.

Tabell 2: Skular og barnehagar som har delteke i barnetråkk i dei sju lokalsentera og i bygder.

Tjeldstø			Toftøy			Knarrvika			Møvik/Ulveset		
Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar	Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar	Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar	Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar
Ingen registreringar			Toftøy	5.	19	Liljevatnet, Marilhøna Læringsverkstad Valen	B.hage		Ulveset	5.	26
Fjell			Spildepollen			Stranda			Bygder		
Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar	Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar	Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar	Skule/ barnehage	Trinn	Tal elevar
Læringsverkstedet gardstunet	B.hage					Stranda	B.hage		Kolltveit	5.	41
			Spildepollen	5.	21	Stranda	5.	52	Knappskog	5.	38
						Sund ungd.skule	8., 9. og 10.	27	Skålevik	5.	15
									Bjørøy	5.	7
Tal elevar					40			79			101

3. Korleis har vi nytta kunnskapen frå barnetråkk?

Informasjon frå barnetråkk er gjort tilgjengeleg som kunnskapsgrunnlag i alle relevante prosjekt og planprosessar i kommunen, så som barnehage- og skulebruksplan, trafikktryggleiksplan, strategisk planprogram for Straume, ny ungdomsskule på Bildøy og arealdelen til kommuneplan for Øygarden.

I arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen er barnetråkk nytta som kunnskapsgrunnlag i delprosjektet «[lokalsenter-](#), [kommunedelsenter-](#) og bygdestrategiar», og i kartforteljinga om [kva for verdiar vi må ta vare på i lokalsentera og kommunedelsentera for framtida](#). Kartforteljinga danna utgangspunkt for [politisk drøfting av strategiar og prinsipp](#) for arealbruken i kommunedelsentera og lokalsentera i Øygarden.



Innspel frå barn og unge som gjeld bygdestrategiar skal arbeidast vidare med fram til desember 2024. I bygdestrategiarbeidet vil også barnetråkk bli nytta som kunnskapsgrunnlag i ei kartforteljing om kvalitetar og verdiar i bygdene som vi skal ta vare på for framtida i Øygarden. Kartforteljinga vil bli publisert i desember og gjort tilgjengeleg på Øygarden kommune si nettside.

4. Resultat barnetråkk i region- og kommunesenteret Straume

Straume

Barnetråkk Straume

Innspela for Straume kjem frå barneskulane Foldnes og Brattholmen, Læringsverkstedet Straume barnehage, Straume barnehage og Leirstaden barnehage. Når det gjeld negative opplevingar handlar innspela om at det er mange bilar, støy, mørke og forsøpling, både langs hovudvegane og rundt skulane. Det har kome særleg mange negative innspel rundt skuleområdet på Brattholmen. Truleg heng det saman med at det var mykje anleggsaktivitet rundt skulen på tidspunktet for registreringa. Av aktivitetar i regionsenteret peikar borna særleg på skulane, Sartor senter og Sotra arena. Det same mønsteret ser vi på stader dei opplever som positivt, men her har dei i større grad også trekt fram nærskogområde, turområde og lokale leikeplassar.



Sotra arena er trekt fram som ein stad borna likar å driva med ulike aktivitetar, og som ein stad dei synes er fin.



Borna opplever generelt mykje støy langs hovudvegane. Fleire stader seier dei at bilane kjører fort, som her langs Sartorvegen.




Borna fortel om fleire fine skogsområde, som her ved Brattholmen skule. Dei peikar også på nærturterreng og fine utsiktspunkt i regionsenteret.

5. Resultat barnetråkk i kommunedelsentera

Barnetråkk Rong

Skuleelevar og ungdomsskuleelevar har kartlagt området rundt Rong. I kommunedelsenteret er det varierte aktivitetstilbod, der symjing, fotball og volleyball blir framheva. Samtidig er det registrert fleire negative opplevingar, som mykje søppel og stor trafikk. Fjordparken blir trekt fram som ein populært møtestad med fin utsikt, der borna gjerne oppheld seg, men det blir og peika på at parken er prega av søppel og knuste glasbitar.

Aktivitetet



Negativt



Positivt



Rong skule er trekt fram som eit fint bygg, men barna uttrykkjer eit ønske om fleire leikeapparat på uteområdet.



Barna melder at dei ofte følar seg utrygge langs skulevegen på grunn av manglande overgangsfelt og fortau.




Fjordparken er eit populært område der mange barn gjerne oppheld seg for å leike og ha det kjekt.


Barnetråkk Ågotnes

Skuleelevane på Ågotnes rapporterar om ein flott skule som fungerer som ein viktig møteplass. Spesielt framhevar dei fotballbana og symjehallen som positive element. Det er registrert mykje trafikk rundt skulen, og fleire påpeikar at det kan vere utfordrande å krysse vegen. Sykkel brukast som transportmiddel til og frå skulen, og mange born uttrykker eit ønskje om ein sykkelpark på skuleområdet.

Positivt og negativt



Aktivitet



Skulen vert brukt som ein viktig møteplass. Skulen har fått opprusta uteplassen sin i 2024.



Borna uttrykker at det er stor trafikken rundt skulen, og fleire ønskjer seg fortau langs heile vegen til skulen.




Fleire born melder at det er fint i området, og dei trekkjer fram den fine naturen og skogen som dei set pris på.


Barnetråkk Skogsvåg

Skuleelevane synast at det er fleire fine naturområde i nærleik av bustadområda rundt kommunedelsenteret i Skogsvåg. Mange likar skulen sin og meiner dei har eit fint hus. Idrettsområda i sentrum og ved barneskulen vert i stor grad nytta til aktivitet og som møteplass. Samtidig er det registrert søppel i sentrum og ved barneskulen, og ønskje om at leikeplassar i bustadområda skal blir rusta opp.

Positivt og negativt



Aktivitet



Av aktivitetar er det særleg ballspel og leikeplassar som er registrert i Skogsvåg. Nokre få registrerer at dei sykklar.



Det er få registreringar på korleis borna opplev trafikken langs hovudvegen gjennom kommunedelsenteret.





Ved fleire bustadområde er det meldt om fin skog, natur og utsikt. Skuleelevane nyttar også naturen i nærområdet.

6. Resultat barnetråkk i lokalsentera

Toftøy

Barnetråkk Toftøy

Det er skuleelevar og barnehage som har registrert i kart for Toftøy. Dei melder at det er manglande fortau og overgangsfelt langs skulevegen. Forsøpling i nærleik av skulen er noko som er peika på som negativt, mens fotballbana er trekt fram som positivt frå fleire born. Det kan sjå ut til at få sykklar, men i staden er det badeplass i Nordlavatnet, akeplass på Vik og leikeplassar omkring i bustadfelta. Fleire seier at dei har eit fint hus, fint nabolag og ein fin stad. Samtidig er det ønskje om ein butikk i nærområdet.



Toftøy skule er i følgje elevane ein bra plass å leike, men det er også støy her. Samtidig fungerer området som ein møteplass.



Borna melder at skulevegen er utrygg, at dei manglar fortau og fotgjengarovergang. Det er registrert støy langs hovudvegen.




På Toftøy er det fleire leikeplassar, blant anna ved skulen og Pardalsmyra, som er eit mykje brukt naturområde.

Knarrevika


Barnetråkk Knarrevika

Barnetråkk for Knarrevika har hovudsakleg registreringar frå barnehagar i nærområdet. Leikeplassane i lokalsenteret er viktige møteplassar der barn og unge kan vere i aktivitet. Når det gjeld mobilitet er ein stor del negative tilbakemeldingar knytt til trafikk og støy langs hovudvegen, men også på vegen som går til Arefjord. Her er det mange bilar som køyrer og ingen fortau. Naturen og skogen i Valen, på Tonafjellet og i Knarrevik er utpeika som ein viktig ressurs å ta vare på.

Aktivitetar



Negativt



Positivt



Liljevattet barnehage er ei arena der barn og unge kan møtast, leike, spele fotball, ake og vere i aktivitet.



Trafikken gjennom Knarrevika og forbi barnehagane vert opplevd som støyande og gjer barna utrygg.



Naturen er noko barna trekk fram som bra. God utsikt, fine grøntområde og skog er registrert på nokre stader.

Fjell

Barnetråkk Fjell

For Fjell er det få registreringar og dei som er lagt inn er frå barnehagen i nærområdet og elevar frå andre stader i kommunen. I sentrum er det negative registreringar som omhandlar trafikk frå hovudevegen og personar som brukar rus. Det er samtidig meldt inn at fleire tre held på å falle ned nær gamleskolen. Det er registrert ulike aktivitetar som aking, bading, fotball og sykling. Naturen og skogen verdsettast og kyrkja vert trekt fram som ein kjekk møtestad.


Aktivitet



Negativt



Positivt



Borna registrerar fin badeplass, og kjekk akebakke. Leikeplass finnast ved barnehagen og i bustadområde.



Trafikken frå bilar opplevast som negativt, og det er peika på manglande overgangsfelt.




Turstiane og naturområda opnar for kreativ leik og opplevingar ved vatn, elv, skog og bål plass


Barnetråkk Ulveset

Det er skuleelevar som har registrert for Ulveset. Barna melder om både positive og negative sider ved skolens uteområde. Mange likar skulen, og synast det er gøy å leike der. Dei trekk spesielt fram den fine skogen bak skulen, samt ein gøy akebakke som blir mykje brukt om vinteren. Samstundes er det registrert nokre utfordringar, som mangel på overgangsfelt, noko som gjer det utrygt å krysse vegen, og at det ofte er mykje søppel på skuleområdet.

Aktivitetar



Negativt



Positivt



Akebakken blir spesielt trekt fram som ein populær aktivitet. I tillegg er det registrert at mange går på skøyter på isen om vinteren og badar i vatnet om sommaren.



Det er registrert at det manglar overgangsfelt i området, og at det føls utrygt å krysse vegen.




Barna melder at det er fin natur i områda, og dei synest det er gøy å leike i skogen bak skulen.

Spildepollen


Barnetråkk Spildepollen

For Spildepollen er det skuleelevar som har rapportert, og dei melder om ein fin og god skule. Det er også registrert at nokre opplev seg utrygg, og mange seier det er søppel rundt skulen og fotballbana. Sykkel vert brukt til og i skuleområdet, og sykkelparken blir brukt til både aktivitet og som sosial møteplass. Nærbutikken er også ein viktig møteplass i lokalsenteret. Bustadområdet ved Solhaugen har eigenskapar som mange likar, men ved utkøyrsla og Tveitasvingane registrerar barna utryggleik og trafikk.


Aktivitetar



Negativt



Positivt



Spildepollen skule fungerer som viktig møteplass og aktivitetsarena. Her er det aktivitet både på dagtid og kveldstid.



Trafikk langs skuleveg opplevast skummelt for nokon. At bilar ikkje stoppar og at det manglar overgangsfelt er meldt inn.




Fleire seier dei likar plassen dei bur på, at dei har fine hus og har vener. Skogen i nærområdet er det mange som set pris på.


Barnetråkk Stranda

Det er kommen mange innspel for Stranda og Forland, spesielt langs hovudvegen, skuleområdet og dei nærliggande bustadområda. Born frå både barnehage, barneskule og ungdomsskule har rapportert inn. Det er mange ulike aktivitetar i lokalsenteret, både sykling, symjing, skøyter og ballspel. Det er samtidig registrert søppel ved barneskulen og ved hovudvegen. Når det gjeld trafikk og mobilitet handlar innspela om at det er mange bilar, ein opplev seg utrygg, det er mørkt, forsøpla og at ein ønskjer endring. Borna trekk fram at dei har god utsikt, fin skog og fint hus. Dei har møteplassar ved skule, heime og på leikeplassar i nærområda, likevel ønskjer fleire å få opprusta leikeplassane sine.

Positivt og negativt



Aktivitetar



Stranda skule er trekt fram som eit fint bygg, med variabelt tilbod. Ungdomsskulen som ligg tett ved har også gode eigenskapar.



Mykje trafikk og støy er registrert ved skulen, langs hovudveg og mot store bustadfelt. Det manglar veglys og mange er utrygg.




Borna melder om fine plassar, blant anna i Forlandsvågen. Det er også registrert mange fine skogar og grøntområde..

7. Resultat barnetråkk i bygder

Kolltveit

Barnetråkk Kolltveit

Innspela for Kolltveit kjem frå Kolltveit skule og Knerten familiebarnehage. Nokre av innspela kjem også frå born som går på Knappskog skule. På Kolltveit viser borna til fleire kjekke akebakkar og vatn som er islagte og kjekke å stå på skøyter på om vinteren. Dei opplever ein del trafikk langs Bildøybakken, Kolltveitvegen og Døsjevegen, og viser til fleire stader der dei kjenner seg utrygge. Borna trekk også fram mange fine utsiktspunkt, skogsområde og leikeplassar.



Nokre trekk fram at skulen er ein fin plass med fin utsikt, medan andre meiner det er buss og støy rundt skulen.



Kolltveit ligg tett på sjøen, men det er mange stader bratt terreng. Ingen av borna på Kolltveit har vist til badeplassar i sjø.





Mange synes det er fin utsikt mot Midtmarka frå Kolltveit. Borna likar å gå på skøyter i Nordrvatnet, like utanfor bildet.

Knappskog

Barnetråkk Knappskog

Elevane ved Knappskog skule har kome med innspel på Knappskog. Det er svært mange registreringar på at elevane sykklar på strekninga Spjeld – Knappskog. Med unntak av lysreguleringa ved Spjeld, og nokre kommentarar til Spjeldstunnellen, er det få merknader på at elevane kjenner seg utrygge langs vegen. Mange gir uttrykk for at dei brukar skogen på Spjeld og turvegen til Spjeldsfjellet. Borna peikar ut fleire leikeplassar, badeplassar, og skøytebaner som dei brukar om vinteren.



Fleire av borna trekker fram skulen og skuleområdet som ein fin stad.



Barnehagen på Knappskog ligg like ved skulen. Spjeldsfjellet i bakgrunnen av bildet er eit mykje brukt turområde og fint utsiktspunkt.



Sykling er ein populær aktivitet blant borna på Knappskog.

Skålevik


Barnetråkk Skålevik

Det er skuleelevar som har registrert for Skålevik. Borna melder om både positive sider ved uteområdet til skulen og idrettsanlegget. Samstundes rapporterer dei om mykje trafikk rundt skulen, og boss rundt idrettsanlegget som dei opplever som negativt. Borna trekk fram gøye akebakkar, fine skøytebaner og stader med fin utsikt. Samstundes melder dei om stader med smale vegar, og mangel på overgangsfelt og fortau.


Aktivitetar



Negativt



Positivt



Idrettsanlegget på Skålevik er ein viktig arena for aktivitetar. Anlegget er også ein viktig møteplass for borna som bur i området.



Vestsidvegen som går rett forbi utearealet til skulen er trafikkert.



Rundt skulen er det fleire knausar som er fine utsiktspunkt.

Bjørøy

Barnetråkk Bjørøy

Det er skuleelevar som har registrert for Bjørøy. Sju elevar har gjennomført kartlegginga.

Registreringar



	MØRKT		FIN BYGNING		LEIKEPlass
	SOPPEL		FIN PARK		NOTEPLASS
	STØY		FIN SKOG		BALLSPEL
	TRAFIKK		FIN STAD		SKI
	VIL ENDRÅ		FIN UTSIKT		SKYTTER
	MISLIKAR		ØNSKJER		SYMJING
	UTRYGG		LIKAR		AKING
					SYKLING
					SKATING

Vedlegg

Vedlegg 1: Informasjonsskriv om gjennomføring av barnetråkk i grunnskulane

Barnetråkk

Våren 2024 gjennomfører Øygarden kommune Barnetråkk i skulane, og vi treng dykkar hjelp til dette. [Barnetråkk](#) er eit gratis digitalt verktøy som er utvikla til bruk i undervisningssamanheng. Det pedagogiske verktøyet tar blant anna opp i seg medborgarskap og demokrati som er viktige tema i læreplanane.

Barnetråkk er samstundes eit medverknadsverktøy som gir barn og unge ei stemme inn i kommunane si planlegging. Døme kan vera at Barnetråkk gir viktig informasjon om korleis barn opplever skulevegen og korleis dei brukar nærmiljøet rundt skulen og heimstaden sin. Denne våren har Øygarden kommune starta opp fleire prosjekt og planprosessar som har behov for slik informasjon frå barn og unge; ny barnehage- og skulebruksplan, trafikktryggleiksplan, arealdelen til kommuneplanen, strategisk planprogram for Straume og ny ungdomsskule på Bildøy. Informasjon frå Barnetråkk vil bli brukt i alle desse planprosessane.

Målgruppa

Som eit minimum ønskjer vi å **gjennomføra kartlegginga i 5. og 8. trinn på alle skular** i Øygarden, men vi oppmodar også fleire klassar tar verktøyet i bruk. Lærarar og elevar loggar seg inn i Barnetråkk via Feide.

Erfaring har vist at det digitale verktøyet eignar seg best for fjerde trinn og oppover. Dersom de likevel ønskjer å gjennomføra Barnetråkk-kartlegginga for yngre elevar, kan det vera eit godt alternativ å jobba med fysiske kart/utskrift av kart.

Når?

De kan starta registreringsarbeidet når som helst, med mål om å vera **ferdige innan 19. april**. Denne fristen er særleg viktig for skulane på Litle-Sotra og Kolltveit, fordi det skal vera politisk møte om utviklinga av Straume i slutten av april. Dersom tida blir knapp, er **siste frist 30. april**.

Informasjon og opplæring

Verktøyet er enkelt å ta i bruk. Informasjon, rettleiing og demonstrasjon på korleis elevane legg inn informasjon i kart finn du [her](#). Dersom nokon treng hjelp til å komma i gang, inviterer vi til kort opplæring på Teams for lærarar som skal leia kartlegginga i sine klassar/grupper. Trykk på ein av desse lenkene for å melda dykk på opplæringa (valfritt):

[Torsdag 14. mars 14:15-15:00](#)

[Måndag 18. mars 14:15-15:00](#)

Gode tips til førebuing

Bruk gjerne nokre minuttar på å gjera deg kjent med verktøyet før du går i gang med kartlegging saman med klassen. [Demo-versjonen](#) er ein litt forenkla kartversjon, men er fin å testa ut for å sjå korleis verktøyet fungerer.

Gjennomføring og registrering

Informasjon om korleis de loggar inn og gjennomfører kartlegginga finn de på [barnetrakk.no](#). Det er lagt opp til å bruka ein klassesstime på å gå tur i nærområdet, og to klasses timar til registrering i kartet. Det vi ønskjer at de har fokus på er:

- Elevane teiknar opp **skulevegen** som linje i kartet. I kommentarfeltet er det fint om dei kan skriva inn om dei **går, sykklar, tar buss eller blir køyr**t. Det er viktig å få fram om det er punkt på skulevegen der barna **føler seg utrygge** og/eller om det er **fint/trygt å bevega seg**? Bruk symbola som ligg under «negativt» eller «positivt». Ved behov kan det også leggest inn kommentarar i tekstboksen.
- Elevane legg inn viktige **fritidsaktivitetar** eller viktige **stader som dei oppheld seg på fritida**. Dersom ønskjeleg kan vegen/vegane til denne staden teiknast opp, men det viktigaste her er at elevane registrerer i kartet kva som er gode/viktige møtestadar/stadar for aktivitet på fritida. Elevane kan bruka og leggja inn i kartet symbola for type «aktivitet» og kva som er «positive» og «negative» stadar og opplevingar. Om ønskjeleg kan dei legge inn utfyllande kommentarar i «tekstboksen».

Tenk gjerne på om de brukar nærmiljøet på ulike måtar til sommar- og vinteraktivitetar.

Etter kartlegging

Som planleggarar i Øygarden kommune vil vi kunne sjå registreringane som blir gjort i Barnetråkk-programmet i sanntid, men det er fint om de send ei melding til oss når kartlegginga er fullført. Dersom det er klassetrinn som gjer registreringar på fysiske kart, kan de ta bilete av kartet og senda til oss eller levera det på eitt av biblioteka/innbyggartorga i kommunen.

Kvar enkelt klasse/skule står fritt til å nytta resultatata i vidare undervisningssamanheng. Sjå barnetrakk.no for døme på korleis de kan jobba vidare med resultatata saman med elevane. Arbeidet med å summera opp og analysera resultatata/datamaterialet frå kvar enkelt skule er det planleggarane i Øygarden kommune som gjer. Med andre ord treng de ikkje bruka tid på etterarbeid. Om ønskjeleg kan skulane få tilsendt det ferdig analyserte/aggregerte datamaterialet for sin skule.

Personvern

Planleggarane i kommunen får tilgang til alle registreringar, men kan ikkje sjå kven som har lagt inn data. Informasjon som blir publisert offentleg, vil bli framstilt slik at den ikkje kan sporast til enkeltpersonar. Merk også at elevane kan koma til å leggja inn personidentifiserbare data om seg sjølv eller andre i kommentarfelta. Slike kommentarar vil ikkje bli publisert offentleg, men snakk gjerne med elevane om dette i forkant. Barnetråkk-registreringa er meldt til personvernombodet i kommunen.

Spørsmål/kontaktinformasjon

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål:

Kristina Espeseth – kristina.espeseth@oygarden.kommune.no

Eli Janette Fosso – eli.fosso@oygarden.kommune.no

Lykke til og tusen takk for at de tar dykk tid til å løfta fram barn og unge sine stemmer i Øygarden kommune si planlegging!

Vedlegg 2: Informasjon om gjennomføring av barnetråkk i barnehagane

Barnetråkk

Viser til leiarsamling for oppvekst 21. februar der planavdelinga orienterte om [Barnetråkk](#) som metode for å henta kunnskap om korleis barn og unge opplever skulevegen og brukar nærmiljøet til leik og fritidsaktivitetar mm.

Per no har planavdelinga kontakta alle grunnskulane med oppmoding om å gjennomføra barnetråkk-kartlegging blant elevane på 5. og 8. trinn. No håpar vi at også barnehagane kan bidra med innspel og kunnskap om korleis de, saman med barna, nyttar **barnehagane sine nærområde** til ulike aktivitetar, turar mm. Som nemnt på oppvekstsamlinga i februar er barnetråkk eit digitalt kartverktøy som er tilpassa barn og unge frå 5. trinn og oppover. Erfaring tilseier at det digitale verktøyet ikkje er like egna for yngre barn og barn i barnehagealder.

På oppvekstsamling var det brei einigheit om at også barnehagane burde gje innspel om korleis de/barna brukar og opplever nærmiljøet der barnehagane ligg. For å få dette til kan planavdelinga vera behjelpelege med å **skriva ut store kart over det området som barnehagen ligg i, og tilby klistremerke tilsvarande** dei som vert nytta i det digitale kartsystemet.

For å sikra at vi får fram barnehagebarn sine stemmer og medverknad i planprosessane oppmodar vi til at du/de (i samtale med barna i din barnehage) gjennomfører den «fysiske versjonen» av barnetråkk. Dette er sjølvsgt frivillig, men vi håpar du/de er positive til å bidra. **Vi ønskjer ei tilbakemelding på e-post om din barnehage vil delta eller ikkje. Fint om du sender oss svar innan 21. mars.**

Kva ønskjer vi vert registrert i kartet:

- Vi ønskjer at de strekar opp i kartet **den veggen/ruta de gå** når det vert **utført aktivitetar utanfor barnehagen** sitt område. **Kvar aktiviteten** vert gjennomført og **type aktivitet** kan markerast med dei «klistresymbola» som vi tilbyr, t.d. «leik», «badetur», «grilltur», «aketur» osv. Dersom de ikkje finn dekkande «klistresymbol», kan de skriva ein kort kommentar på «gul lapp» og klistra på kartet. Fint om de også leggje inn ein illustrerande tekst/døme på barna sine opplevingar av plassen de har vore på, og/eller aktivitetane de har utført. Opplevingar kan også illustrerast med «tommel opp-/eller ned-klistresymbol».
- Dersom det er **vegar og plassar** som de/barna **opplever som utrygge**, ønskjer vi også opplysningar om dette. Negative opplevingar kan t.d. vera mykje trafikk, eller anna som gjer det utrygt å gå med barna til eit spesifikt område/eller aktivitet. De kan bruka «tommel ned-klistresymbol» for å illustrera kvar i kartet opplevinga er utrygg/negativ, men fint om de gjer **utdjuping i form av tekst** på «gul lapp».

Tips! Tenk på om de/barnehagen brukar nærmiljøet på ulike måtar til sommar- og vinteraktivitetar. Vi vil svært gjerne ha opplysningar om bruk av uteområde og nærmiljøaktivitetar som «speglar» heile året.

Når?

Dersom din barnehage ønskjer å bidra med slik kartlegging, sender de svar til oss innan **fristen 21. mars**. De vil då, ca. ei veke etter påske, få utdelt kart og klistremerke-/symbol som kan brukast i registreringa/markeringa.

De kan bruka litt tid på arbeidet. Målsettinga vår er at de er **ferdige innan 8. mai**.

Etter kartlegging

Når de er ferdige med registreringa, er det fint om de send ei melding til oss på e-post. Utfylt kart kan tas bilde av og sendast som vedlegg. Alternativt kan de levera kartet til eit av biblioteka/innbyggartorga i kommunen.

Kunnskapen vi får gjennom registreringane, som vert utført i heile kommunen, skal brukast i fleire pågåande planprosessar: ny barnehage- og skulebruksplan, trafikksikringsplan, strategisk planprogram for Straume, kommunen sin eigedomsstrategi og ny arealdel til kommuneplan for Øygarden.

Informasjon

De er velkomne til å ta direkte kontakt med oss om de har spørsmål. Når vi har fått oversikt over kor mange barnehagar som vil delta, vil vi også vurdere om det er behov for å invitera til eit kort informasjonsmøte på Teams. Dersom dette er ønskjeleg, kan de gjerne gje ei antyding når de svarar ja/nei til deltaking.

[Onsdag 20. mars 12:00-12:30](#)

[Onsdag 20. mars 14:30-15:00](#)

Med helsing

Kristina Espeseth – kristina.espeseth@oygarden.kommune.no

Eli Janette Fosso – eli.fosso@oygarden.kommune.no

Lykke til og tusen takk for at de tar dykk tid til å løfta fram barna sine stemmer i Øygarden kommune si planlegging!